

Askvoll Venstre

- Auka satsing på næringsliv
- Askvoll som eigen kommune
- Askvoll ut av HAFS
- Opprusting av Rv 609 Askvoll – Førde
- Fastlandsamband til Atløy
- Nei til eigedoms-skatt
- Nei til 100 meter-sona - Lokalt tilpassa vernereglar



venstre

KOMMUNEVALET 2007

Røyst på det partiet som har dei
beste lokale sakene - for deg og dine!



Kommunen vår

Askvoll Venstre står fast på demokrati, nærleik og mest mogleg sjølvstende i lokale saker. Velforeiningar og grendalag er viktige for nærdemokratiet og samspelet med kommunen.

Vi har livskraftige øysamfunn der havet gir næring, og der ein ung og kreativ busetnad følgjer opp med nye næringstiltak, service og kultur. Vi har eit godt utbygd Askvoll sentrum med vare- og tenestetilbod, god hamn med daglege sør- og nordgåande ekspressbåtrute. Vi har riksveg 609 til nabokommunen og fylkessenetert Førde. Dette har, trass i ei nedprioritert vegsatsing frå fleirtalet i Askvoll kommune-styre, opna for stor dagpendling til arbeid og viktige institusjonar som sjukehus, høgare utdanning og andre tenester. Askvoll Venstre vil byggje vidare på, og dra nytte av, dei nærliggande godene vi allereie har.

Få distriktskommunar har eit så rikt potensiale for å stå på egne bein som Askvoll.

I forrige kommunestyreperiode gjekk Askvoll Venstre, som einaste parti, imot initiativ frå Fjaler om å greie ut ei kommunesamanslåing mellom Askvoll, Hyllestad og Fjaler.

Det kommunestyret som no går av, har med fleirtalsvedtak gått inn for eit forpliktande samarbeid med Fjaler. Også denne gongen mot Venstre sine røyster.

Venstre står fast på at heller ikkje eit forpliktande samarbeid innan HAFS regionen er eit rett alternativ for Askvoll si utvikling.

Venstre vil binde lokalsamfunna sterkare saman, og ha ei samferdsle ut av kommunen som tener alle innbyggarane. Når no Bulandet – Værlandet står ferdig, hastar det med Atløysambandet.

All samfunnsforskning i dag fortel oss at tilknytning til sterke senter vil vere avgjerande for å oppretthalde mindre lokalsamfunn i fram-tida. Difor må riksveg 609 Askvoll – Førde få ei så god opprusting at ungdomen vår ser seg tente med å kome attende og pendle til dei ulike arbeidsplassar som berre eit sterkt senter kan gje.

Askvoll må gjere eit krafttak på samferdslefronten. Vi meiner at Rv 609-linja frå øyane i vest til Førde i aust er den beste fordi den tener heile kommunen, og knyter oss nærare til regionsenteret Førde.



Linda Ness Rotihaug,
frå Askvoll

Det er avgjerande for Askvoll si framtid at vi går ut av HAFS og istaden vender fokuset mot regionsenteret Førde, og Flora. Askvoll Kommune må utøve ein slik personalpolitikk at dei tilsette føler seg verdsatt.



Ove Nesberg,
frå Askvoll

Planarbeidet i Askvoll ligg på etterskot og må oppprioriterast.



Gunnar Osland,
frå Kvammen

Askvoll må no ta eit krafttak når det gjeld næringsutvikling.

..Vi har i altfor stor grad late oss styre av HAFS. Men ved dette valet kan veljarane ta tilbake styringa over eigen kommune, og igjen få direkte innverknad på Askvoll si framtid utan å måtte søkje om "løyve" frå HAFS først..

Sakene våre

SAMARBEID

Askvoll må bruke ressursane sine på utvikling av eigen kommune. Venstre vil difor gå ut av den faste bindinga til HAFS. Vi vil stå fritt til å søkje samarbeid også med andre nabokommunar når vi finn det tenleg. HAFS regionråd fungerer i dag som eit fjerde forvaltningsnivå. Det er udemokratisk fordi det ikkje er noko folkevald organ, men likevel premissleverandør i viktige saker og krev større byråkrati.

PLANARBEID

- 1 Askvoll kommune ligg på etterskot i planarbeid, som arealplan, næringsplan m.m. Vi meiner at dette må prioriterast opp.
- 2 Få ei evaluering av verneplanane. Dette arbeidet må ta god høgd for tradisjonskunnskap og erfaring som har gitt berekraftig miljøforvaltning tidlegare.

SAMFERDSLE OG MILJØ

- 1 Viktigaste samferdselsprosjekta for Askvoll er fastlandssambandet til Atløy, opprusting av RV 609 og trekantsamband Atløy - Værlandet ytre Fjaler.
- 2 Arbeidet med utvikling av strekninga Bulandet – Askvoll må skje parallelt med gradvis opprusting av RV 609 Askvoll – Førde. Vegen som tener heile kommunen.
- 3 Utbetring av RV 609 er også eit godt miljøtiltak. Forsking seier at rette vegar er god miljøpolitikk fordi det fører til mindre forbruk av drivstoff og mindre CO2-utslepp
- 4 Skjøtting av kaier og hamner i Askvoll må prioriterast opp slik at dei til ei kvar tid tilfredstiller behovet
- 5 Mobildekning i Askvoll kommune er for dårleg. Venstre vil øve press på lovnaden om 100% breibanddekning .
- 6 Askvoll Venstre vil arbeide for miljøprising ved utarbeiding av kraftlinjeplanane. Vi vil kreve at den planlagde kraftlinja til Lutelandet blir til minst mogleg sjenanse for folk og næringsutvikling langs traseen.



Kåre Haugen,
frå Attløy

Skal Atløysambandet bli realisert, må Askvoll kommune prioritere det neste gong når Nasjonal transportplan skal handsamast.



Malvin Grepstad,
frå Bulandet

Verneplan for øyane må evaluerast, og vi må få ein differensiert strandsonepolitikk.

- 7 Økonomi skal ikkje gå føre omsynet til helse, miljø og tryggleik. Ei utgreiing om kabling må gjennomførast dersom kraftlinja kjem i konflikt med busetnad og miljø.

BUSTADPOLITIKK

- 1 Askvoll må marknadsføre dei flotte bustadområda i kommunen vår. Her vil t.d. Atløysambandet kunne gjere ei rekkje nye og attraktive bustadområde tilgjengelege.
- 2 Likeeins må kommunen vere til hjelp med tilrettelegging av område for hytter og fritidsbustader då dette vil styrke lokalsamfunna.

NÆRING

Venstre vil:

- 1 Ha næringsjef i 100% stilling for å prioritere opp satsinga på næringsutvikling.
- 2 At kommunen legg til rette for nye næringar og utvikling av eksisterande næringar, mellom anna ved å ha nær dialog og gje effektiv og rask hjelp gjennom papirmølla.
- 3 Ha eit næringskontor som aktivt marknadsfører ledige næringslokale og tomtar ovanfor potensielle etablerarar.
- 4 At kommunale industritomtar skal tilbydast gratis til etablerarar.
- 5 At næringsfondet vert nytta til reine næringstiltak. SMIL-midlane må prioriterast brukt innan landbruksnæringa eller fellesløysingar innan ulike interesse organisasjonar for kulturlandskapet.
- 6 Seie nei til eigedomsskatt.
- 7 Ha ei sterk landbruksnæring som finn kreative løysingar og som vågar å tenkje alternativ inntening gjennom t.d. satsing på gardsmat og ulike nisjeproduksjonar.
- 8 Styrke grunnlaget for den lokale fiskeri- og reiselivsnæringa vår ved t.d. å jobbe for at trålflåten blir gjenstand for eit strengt og berekraftig beskatningsregime.
- 9 Jobbe for vidareutvikling av havbruksnæringa
- 10 Vetrinærtenesta i Askvoll må minimum ha det nivået vi har i dag.
- 11 Vere aktive i kampen for å lempe på vernereglar som ikkje tek omsyn til dei lokale tilhøva, men skaper unødvendige hindringar. Det er i dag nesten umogleg å byggje næring langs den viktigaste transportåra i landet vårt – sjøvegen. Vi meiner det må innførast ein differensiert strandsonepolitikk. Takka vere Askvoll Venstre har dette også blitt ei viktig sak for Venstre nasjonalt. T.d. er 100-metersona fornuftig i Oslofjorden, men ikkje i Askvoll!



Gunnhild Berge Stang,
frå Stongfjorden

*Gode kulturtilbod er
også viktig for ny
tilflytting.*

REISELIV

Reiselivet er den næringa som har størst vekst i vårt område. Natur og kommunikasjon på land og sjø tilseier at Askvoll har eit enormt potensiale på reiselivssida. Skal vi nytte dette potensialet, må det satsast sterkare også frå kommunen si side ved t.d. marknadsføring, rydding av kulturlandskap, småbåtturnisme og kulturminne.

SKULEN

Venstre vil at kommunen vår skal gje eit kvalitativt godt og sikkert grunnskuletilbod i alle krinsar. Lengst mogleg må vi halde på dagens skulestruktur.

KULTUR OG OPPVEKSTMILJØ

Kultur er ikkje berre samvær. Det er utvikling. Venstre vil skape eit rikt kulturliv gjennom å gje frivillige lag og organisasjonar best moglege rammevilkår. Slik får vi meir kultur ut av kvar krone. Kulturskulen har synt svært gode resultat i krinsane. Her er borna sjølve med på å skape gode oppvekstmiljø. Venstre vil oppretthalde og styrke kulturskuletilbodet.

HELSE- OG SOSIALTENESTE

Sosiale tenester, kultur og trivselstiltak er viktig helsearbeid.

- 1 Heimesjukepleie og heimhjelp må styrkast, slik at dei som treng slik hjelp kan få bu lengst mogleg heime.
- 2 For å gi dei eldre den kvalitetstenesta som vi ønskjer, må grunnbemanninga i pleie- og omsorgstenesta aukast. For å få rekruttert fleire kvalifiserte, må det leggjast til rette for fleksible arbeidstidsordningar og redusert bruk av uønskt deltid.
- 3 Dei eldre på sjukeheimen må få meir regelmessig trivselstiltak i kvardagen, mellom anna ved meir bruk av aktivitetør og kulturtilbod.
- 4 Helsehuset må bli meir funksjonelt og brukarvenleg.
- 5 Vi vil ta vare på Nærmiljøsentralen.
- 6 Askvoll Venstre er oppteken av at Førde sentralsjukehuset skal vere eit sterkt og kvalitativt godt sjukehus for innbyggjarane i kommunen.
- 7 Rehabiliteringstilbodet for dei eldre må styrkast.
- 8 Askvoll Venstre vil jobbe for eit samfunn som er tilrettelagt for alle. Krav til tilgjengelighet bør vere eit gjennomgåande tema i alle byggjesaker i kommunen.



Iris Rysjedal,
frå Kvammen

*Askvoll kommune
må bidra aktivt til
at Førde sentral-
sjukehus skal vere
eit kvalitativt
godt sjukehus med
god fagbreidde.*

RÅDHUS

Når rådhuset er klar for å takast i bruk vil Askvoll Venstre følgje opp tidlegare vedtak om muleg omorganisering for meir effektive og betre tenester for innbyggjarane i kommune.

Askvoll Venstre si liste til kommunevalet 2007

Nr.	Namn	Stad
1	Linda Ness Rotihaug	Askvoll
2	Gunnar Osland	Kvammen
3	Ove Nesberg	Askvoll
4	Gunhild Berge Stang	Stongfjorden
5	Kåre Jarl Haugen	Atløy
6	Iris Rysjedal	Kvammen
7	Jostein Kåre Grane	Askvoll
8	Malvin Grepstad	Bulandet
9	Bente Kristiansen	Askvoll
10	Ingvar Osland	Kvammen
11	Janne Hogrenning Eimind	Askvoll
12	Norvald Gjervik	Atløy
13	Sigbjørn Rørvik	Askvoll
14	Elin Lisbeth Stølen	Atløy
15	Asmund Melvær	Bulandet
16	Renate Berg	Kvammen
17	Kåre Leknes	Kvammen
18	Gro Eikebø Stang	Stongfjorden
19	Turid Hugøy	Askvoll
20	Lauge Mandelid	Kvammen
21	Inger Lise Saltskår	Atløy
22	Arild Grytten	Kvammen
23	Charles Iversen	Atløy
24	Jorunn Blom Aalen	Kvammen
25	Kjell Yndestad	Stongfjorden
26	Ørjan Russenes	Kvammen

**Bruk retten din
til å røyste!**

**Røyst på det
partiet som
har dei beste
lokale sakene
- for deg og
dine!**



Venstre er eit liberalt sentrumparti som er uavhengig av særinteresser og villig til å samarbeide med andre for å oppnå resultat. Vi ynskjer ei samfunnsutvikling mot eit nyskapande, enklare og berekraftig Noreg.

**Kontaktpersonar:
Svenn Øvrebø, tlf. 93 48 26 50
Linda Ness Rotihaug, tlf. 95 94 91 56**

www.venstre.no/sognogfjordane/askvoll